



Den godslege Ulvanosa-nissen med sekk og grautfat.

Kl 17 i dag vart den flotte Julegrana i Uskedalen tent. Første gong grana vart pynta med lys var i 1963. I år som alle tidlegare år, er det Uskedal Musikklag som står for pyntinga. Heile bygda er svært takksame, for gleda Uskedal Musikklag gjev oss med dette tiltaket.

Det var altså kl 17. arrangementet starta. Ganske naturleg var det Uskedal Musikklag som spela fine julesongar medan grana vart tent. Deretter fortsette Uskedal skulemusikk spelinga . Svært mange, ikkje bare bygdefolk var møtt fram. Takk til musikkлага som fekk oss i god julestemning.

Og til glede for liten og for stor kom den ekta Ulvanosa-nissen. Grunna gode snøforhold hadde han ingen problem med å nå fram i år.

Tenninga i år var eit samarbeidsprosjekt mellom skule, organisasjonar og handelstand.



Katrine Yri Røsland og Marit Inga Tråvik Sture selde sjølvlaga julepynt.

Elevar frå Uskedal skule selde ymse sjølvlaga julepynt og knask. Heile festsalen i Helgheim vart brukt til dette salget. Inntektene av salget går til arbeidet med uteområdet kring skulen. Ute i gangen var det og salg av ymse handarbeidsprodukt og julepynt. I kjellaren i Helgheim var det gautkafè som Aktivitetshusets damevenner stod for. Ikje eit bord ledig, alle koste seg med julegraut.

I det gamle Sætrehuset, som Elin og Geir Enes no eig, var Turngruppa i Idrettslaget i full sving med salg av julepynt, heimalaga julekaker og varm kakao. Gamleskulen var opna opp og her hadde Damevennene kafè. Dei som ville nytta kafèlivet kjøpte seg kaffi og kaker. Ellers kunne ein her få kjøpa pakkar med potetkaker og mjelkekaker. Godt å ha i frysen til jul, men som alltid når slike godsaker vert lagt ut for salg, lageret tok slutt før ein fekk sukk for seg. I Gamleskulen var det og salg av vakre handarbeidsprodukt.



Salget gjekk lett på kaféen.

Eit stort partytelt var reist ute på parkeringsplassen. Her hadde Damevennene salg av julenek, gløgg og julaknask. Under teltet var også Brødrene Hjørnevågs fiskemat og gav oss smaksprøvar på ymse produkter. Tyttebærsild og lutafisk vart selt til nøgde kundar. Friheim gardsmat selde av sine populære produkter. Og dei som ville ha kristorn til å pynta med, kunne få dette kjøpt.

For dei som likar radiostyrte bilar, var RH Racing tilstades med sine produkter.

Grana er tent – eit sikkert teikn på at jula nærmar seg.
Vi bygdafolk takkar dei som legg ned myke arbeid for å gle oss.

Organisasjonane takkar dei som gjev alt frå gratis husrom, julepynt, kaker, anna knask og velvile.

Tekst og foto: Kjell Yri